

Fra: Endre Korsøen (Endre.Korsoen@hfk.no)

Sendt: 22.04.2016 15:00:49

Til: Snorre Waage

Kopi: Bård Sandal; Sølve Dag Søndbø; Eva Katrine Ritland Taule; Vibeke Saure Lokøy

Emne: SV: Forslag til fråsegn til kommunedelplan for Sjø- og strandsone, Osterøy kommune

Vedlegg: image001.png

Hei Snorre

I framlegget er det gjort fleire endringar i høve til vårt Akvakulturnotat av 13.04.2015. Endringar som berre gjeld setningsoppbygging har vi ikkje merknader til. Her er det gjort fleire gode forbetringar.

Innhaldsmessige endringar er hovudsakleg gjort i samsvar med planseksjonen sitt syn framført munnleg i møte 15 og 19 april, og det er dette som skal vera grunnlaget for beslutning av leiarane.

Vi har følgjande kommentarar til innhaldet

Vårt krav om motsegn i høve reguleringsplankravet og føresegna om at det ikkje kan vera utslepp av organiske partiklar til sjø ved Skaftå er fjerna frå framlegg til vedtak. Dette er særst viktige punkt som må vera med.

Motsegnretten i høve akvakultur gjeld både nasjonale og regionale interesser (Ot.prp.nr.10 (2008-2009) Om lov om endringer i forvaltningslovgivningen mv. (gjennomføring av forvaltningsreformen)). I vårt akvakulturnotatet er det vist til fleire nasjonale mål og rammer. Når det gjeld regionale mål og rammer er det i planprogram for regionalakstysoneplan for Sunnhordland vist til Klimaplan for Hordaland, Regionalt utviklingsprogram 2012 og innspel til Sjømatmeldinga. I tillegg kan vi vise til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2016. Under bransjar med særskilt fokus, innsatsområder for marin sektor står det mellom anna: Stimulere til ein berekraftig marin sektor i heile verdikjeda, sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling og samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet.

I teksten om reguleringsplan er avsnittet om mellom anna dobbelthandsaming fjerna, og det er lagt til ein tekst som oppfattas å støtte kommunen sitt krav om reguleringsplan. Innholdsmessig må heile avsnittet tilbakeførast til slik det står i notatet av 13.04.

Nytt framlegg til vedtak

5. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner akvakultur i for liten grad er ivaretatt i planframlegget frå Osterøy kommune, særleg i høve til reduksjon av areal avsett til akvakultur. Det er knytt motsegn på følgjande punkt:
 - Akvakulturområde ved Blom må vidareførast
 - Akvakulturområde ved Litletveithola må ikkje reduserast
 - Reguleringsplankravet til akvakulturområde må bortfalle
 - Føresegnene til akvakulturområde ved Skaftå må fjernast
6. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har særlege merknader når det gjeld akvakultur
 - Arealplanen bør tilpassast ved rekefeltet ved Litletveithola slik at fortøyingane frå anlegget kan plasserast på ein forsvarleg måte
 - Nokre av dei ledige akvakulturområda bør vidareførast.
 - Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyingar i fleirbruksområde utafor akvakulturområda.

I disse regionreformdagar er det viktig at fylkeskommunen synleggjer at ein gjer ein forsvarleg fagleg jobb også innanfor tema planrelatert akvakulturforvaltning.

Frå administrativt nivå kan vi ikkje legge opp til ein praksis der det er greitt å fjerne ak-område kring eksisterande verksemd, krevje dobbelt handsaming i form av reguleringsplan, og tillate føresegne som gjer

akvakulturområde ubrukeleg på sikt.

Endre Korsøyen
Seniorrådgjevar – Havbruk
Hordaland fylkeskommune
Telefon 917 64 632 / 55 23 91 04

Fra: Snorre Waage
Sendt: 21. april 2016 16:33
Til: Endre Korsøyen
Kopi: Bård Sandal; Sølve Dag Sondbø; Eva Katrine Ritland Taule
Emne: Forslag til fråsegn til kommunedelplan for Sjø- og strandsone, Osterøy kommune

Hei Endre,
Etter avtale sender eg forslag til fråsegn til kommunedelplan for sjø- og strandsone i Osterøy kommune.

Venleg helsing

Snorre Waage
spesialrådgjevar
regionalavdelinga | planseksjonen



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

snorre.waage@hfk.no / www.hordaland.no/plan



tenk på miljøet